



Cruisebåt gjennom Storsundet i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er no i gang eit arbeid med å utvikla Uskedalen til eit av besøksmåla til Folgefonna Nasjonalpark. Innan fristen, som var ved årsskiftet, fekk fylket oversendt eit framlegg til plan for eit forprosjekt.**

Det opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling.

Under neste møte i Dialogforumet til UU, som vert halden måndag 2. februar i Gamleskulen, blir det gjeve fylldig informasjon om prosjektet.

Kva vil ein så med besøksmål-prosjektet?

Ved å utvikla Uskedalen til eit besøksmål vil ein skapa interesse for dei natur- og kulturfaglege verdiane bygda har

Ein vil synleggjera aktivitetar og attraksjonar og gjera sitt til at kunnskap vert formidla til fastbuande og tilreisande.

Med forprosjektet vil ein kvalitetssikra og førebu bygda på kva det inneber å vera eit slikt besøksmål

- Nye reiselivsprodukt skal skapa lokale arbeidsplassar og ei berekraftig utvikling med utgangspunkt i lokale og regionale ressursar, heiter det i framlegget, som legg vekt på at dette er i samsvar med fylkeskommunen sitt strateginotat for reiselivsutvikling og arbeidet med å utvikla nye besøksmål til nasjonalparken.

Turistar og tilreisande er interesserte i å kjøpa ei oppleving tufta på lokale ressursar og Uskedalen har gode føresetnader for å lukkast i dette arbeidet.

Framlegget strekar mellom anna under dette:

- \* Uskedalen ligg sentralt med stor gjennomgangstrafikk.
- \* Uskedalen er inngangsporten til Hardanger med stor båttrafikk.
- \* Uskedalen har eit aktivt kulturliv med mange store arrangement.
- \* Uskedalen har dei servicetilbod som ein treng i eit moderne samfunn.
- \* Frå Uskedalen kan ein lett nå andre attraksjonar og aktivitetstilbod i Kvinnherad.
- \* Uskedalen har ein variert natur og ei rik kulturhistorie.

Under møtet i Gamleskulen blir også den vidare organisering drøfta, saman med ei rad andre saker som enten har vore drøfta før eller som folk gjerne vil ha drøfta.

Av Ola Matti Mathisen